

Opplysningar om garden og drifta

Garden Verstad ligg på Austlandet ca 100 m.o.h. Her bur Kåre og Kari Verstad. Dei er båe i slutten av 40-åra og har to søner. Heile familien er interessert i sau og er med i drifta av garden, men det er Kåre og den yngste sonen som har hovudansvaret. Kari jobbar 80 % utanfor bruket, medan Kåre er bonde på fulltid. Garden Verstad er difor ei skikkeleg familiebedrift.

Det høyrer ein del skog til garden, og 584 mål av dette er omgjort til kulturbeite. I tillegg driv dei 541 mål fulldyrka jord fordelt på mange små skifter rundt omkring i bygda. Det er ikkje så mange som driv med husdyr i nærleiken. Det er difor god tilgang på leigejord. Ca halvparten av det fulldyrka arealet blir beite vår og haust i tillegg til at det blir hausta vinterfôr ein gong. Resten av det fulldyrka arealet blir berre brukt til dyrking av vinterfôr og blir difor hausta to gonger. Kulturbeitet blir beita både vår og haust og gjennom sommaren av ein del sau som går heime og 12-13 ammekyr. Kalvane frå ammekyrne blir seld som kvalitetskalv.

Alt grovfôret blir hausta som rundballar og ein prøver å oppnå god fortørking. Målet er å hauste grasnet rundt begynnande skyting. Dei plar i tillegg å kjøpe inn ca 100 rundballar. Rundballane blir sortert etter kvalitet.

Kåre har bygd tre enkle sauefjøs. Alle tre fjøsa er reisverksbygg beståande av tre vegger og tak og tallegolv. Han legg vekt på å få til god talle, for at det skal vera tørt og hygienisk for sauene og for å redusere strøbehovet. Dei startar med våt flis for å få varmgang. Så må ein vedlikehaldsstrø med halm og sagflis. Grovfôret blir fôra etter appetitt i 10 rundballehekker som er 2,20 i diameter. Fôrhekkane står inne i fjøset. Kraftfôr blir fôra frå troer på golvet. Samla fjøsareal er ca 750 m². Om vinteren fôrer dei ca 3. kvar dag, men når det nærmar seg lamming og det blir varmare i været, får søyene nytt grovfôr kvar dag. I tillegg til appetittfôring med grovfôr får søyene tilgang på mineralbøtte, saltstein og tilskot av E-vitamin frå ca 6 veker før lamming.

Påsettlamma blir sett inn ca 10.oktober og resten ca 10 dagar etter. Utplukka av påsett startar alt i lamminga. Da blir ca 160 potensielle påsettlam plukka ut på grunnlag av vårtilveksten og totalproduksjonen til mora. Viktige bruksegenskaper som jur/spener og høgde på søya blir også vektlagt. Utover året blir denne lista halvert når ein får observert beitemønster i fjellet osv.

Kåre og Kari kjøper avkomsgranska verar frå vereringane. I tillegg til delindeksane, ser dei på bruksegenskapar som høgde og gode bein. Dei kårar også eigne vêrlam og to av dei blir brukt i eigen flokk. I alt brukar dei ca 11 vêrar i paringssesongen. Kvar vêr får gå med ei gruppe med søyer, og så bytter ein vêr etter ca 16-17 dagar. Sauene blir klypte ved innsett og ca 25.februar. Søyer og påsettlam blir sortert etter alder og hold ved innsett.

Påsettlam får 0,6 kg, 1 ½ åringane får 0,5 kg og resten av søyene får 0,3 kg kraftfôr gjennom heile vinteren. Når dei nærmar seg lamming, aukar dei gradvis opp til ca 1,2 kg kraftfôr pr sau, dei skiftar også over til Formel sau Ekstra. Etter beiteslepp brukar dei 3-4 storsekker med Formel sau Grov ute på beitet. Dei har også eigne beiter for sau som går med tre lam. Her blir lamma støttelefôra med Formel Lam vår frå kraftfôrautomat.

I lamminga er det vakt i fjøset 24 timar i døgnet. Da stiller heile familien opp. Søyene lammar i enkeltbingar. Dei vurderer nøye når ei nyamma søye og lamma hennar er klare til å bli sleppt i fellesbinge. Dei har også ein stor flokk med overskotslam som går på mjølkeautomat. Avdråten året før bestemmer om ei trilling-søye får gå med alle tre lamma sine, eller om det eine lammet blir overskotslam. Lam som ikkje har tilfredsstillande tilvekst fram mot utmarksbeiteslepp, blir teken frå

mora og putta i overskotslam-bingen. Overskotslamma blir avvent mjølkeerstatning når dei veg ca 16-17 kg. Dei får kraftfôr etter appetitt heilt fram til slakting i slutten av august i tillegg til kulturbeite.

Vårbeitet blir det gjødsla så snart det er mogleg å kome utpå om jordene etter vinteren. Dei har relativt kort innefôringstid etter lamming. Fyrste beitesleppdato er ca 3 dagar etter medel lammedato, men dei har relativt lang vårbeiteperiode.

Normalt går fyrste lass med sau og lam til utmarksbeite i staren av juni. Så blir det slepping i puljar utover fyrste halvdel av juni. Verstad har beiterett på eit fjellbeite ca 800 m.o.h. og sauene går i bjørkebeltet her om sommaren. Det hender det er streifdyr av rovdyr der. Sankinga startar så smått ca 20.august, men hovudsanken saman med resten av beitelaget, går føre seg fyrste helga i september. Ein del av slaktelamma blir sendt til slakt rett frå utmarksbeitet. Den elektroniske vekta blir brukt aktivt når ein plukkar ut slaktelam utover hausten. Når tilveksten byrjar å flate ut, så blir lamma plukka ut til slakting. Lamma som ikkje er slaktemogne ved sanking blir fyrst sluttfôra på beite, men etter kvart blir dei sett inn og sluttfôra på grovfôr og Formel lam haust etter appetitt.

Søyer og lam blir behandla mot flått ein gong om våren. Lam blir også behandla mot koksidiøse etter beiteslepp på våren. Søyer og lam blir behandla mot andre innvortes parasittar ved utmarksbeiteslepp og søyer og påsettlam blir behandla mot innvortes parasittar ved innsett om hausten. Påsettlam blir vaksinert på hausten og både søyer og lam blir vaksinert på nytt før lamming.

Spørsmål 1

Kåre og Kari Verstad har ei gjennomtenkt driftsopplegg for å oppnå eit godt økonomisk resultat på sauedrifta si. Sauen skal gje ein stor del av inntektene dei skal leve av. Gå igjennom det du får vite om garden og drifta på Verstad. Skriv litt om den faglege bakgrunnen for tiltaka Kåre og Kari gjennomfører gjennom eit saueår. Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen og finn resultata som Kåre og Kari kan vera godt fornøgd med og årsaker til det. Kåre og Kari ynskjer hjelp til å redusere lammetapet sitt. Dei mistenker både toxoplasmose og listeriose som årsaker til det. Finn årsaker til høgt lammetap og legg spesielt vekt på tiltak dei gjer for å forebygge tap på grunn av desse to sjukdomane.

Spørsmål 2

Kåre og Kari er bevisste på å redusere kostnader. Dei har tidlegare ikkje lagt lite vekt på å utnytte tallen som gjødsel. Nå har gjødselkostnadene auka mykje. Korleis bør dei behandle og bruke tallen for å utnytte den best mogleg som gjødsel?

Spørsmål 3

Kåre og Kari leverer slaktedyra sine til Nortura. Dei grunnjev dette med at:

- Nortura er garantisten for eit landbruk over heile landet
- Nortura betaler det dei kan, medan andre mottakarar av slakt betaler det dei må
- Nortura kjøper slaktedyra deira, uansett overskot eller underskot av slakt
- Nortura gjer det meir interessant å vera sauebonde, med å bidra til eit godt produsentmiljø og fagleg utvikling

Kva er spesielt med Nortura som gjer at dei seier dette?